

Revidert 14.03.06

HANDLINGSPLAN FOR FORSKARUTDANNINGA VED HF

Handlingsplan for å betre forskarutdanninga ved HF-fakultetet ble første gong utarbeidd i 1998. I juni 2002 bli det oppnemnt ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere behovet for tiltak, med utgangspunkt i den nasjonale evalueringsrapporten om norsk forskarutdanning og i grunnlagsmateriale for fakultetet.

Handlingsplanen er rullerande og vart vedteken fyrste gong i fakultetsstyret i mai 2003 og revidert i fakultetsstyret 25. mai 2004 og i AU 14. mars 2006. Stimuleringstiltaka som tidligare gjaldt universitets- og NFR stipendiatar har fakultetet fått pålegg om å skjerpa inn.

1. Redusere fråfallet - tettare oppfølging av stipendiatane

Stipendiatane og rettleiarane er dei viktigaste ressursane i forskarutdanninga. Sjølv om vi har relativt mange kandidatar utanom stipendiatgruppa, har vi eit særleg ansvar for god oppfølging og gjennomføring i stipendiatgruppa. Målet bør vere at alle kandidatar gjennomfører og at fleirtalet av stipendiatane gjennomfører i løpet av stipendperioden.

For å få dette til må stipendiatane og fagmiljøa ha som utgangspunkt at gjennomføring på normert tid er realistisk. Det skal stillast krav til kvalitet, men omfanget av doktorgrads-prosjekta må tilpassast den tidsramma som er til disposisjon. Oppstartfasen med avgrensing av prosjekta er særleg viktig.

Instituttstyrarane og rettleiarane har eit særleg ansvar for å fylgje opp stipendiatane. Rettleiarfunksjonen er særleg viktig, og vi må arbeide med utvikling/opplæring for denne gruppa.

Tiltak:

- Startseminar for nye doktorgradskandidatar der også rettleiarane deltar, skal haldast regelmessig og minst ein gong kvar haust.
- Det skal regelmessig arrangerast felles seminar for doktorgradskandidatar der også rettleiarane inviterast. Dette kan mellom anna vere teori og metode-seminar, kurs i akademisk engelsk, etikkseminar eller formidlingskurs i samarbeid med Formidlingsavdelinga.
- Ved behandlinga av framdriftsrapportane bør institutta ved styrar og forskarutdanningsansvarleg gjennomføre medarbeidarsamtalar med alle stipendiatar og om mogleg også dei andre kandidatane. Oppsummering frå desse samtalane skal inngå i instituttets rapport. Stipendiatane bør i tillegg bli invitert til medarbeidarsamtale i løpet av fyrste eller andre veka av stipendperioden.

2 Sterkare integrasjon i fagmiljøa – etablering av forskarskular

Kandidatane innafor humaniora har i stor grad arbeidd individuelt med avhandlinga og har vore relativt lite integrert i fagmiljøa. Fakultetet bør arbeide med ulike tiltak som gir stipendiatane betre høve til å delta i eit forskingsmiljø. Alle doktorgradskandidatar skal knyte seg til ein av forskarskulene der det finst innafor eige fagområde.

Tiltak - Forskarskular:

a. Center for medieval Studies (CMS)

Alle aktivitetar er open for eksterne doktorgradskandidatar og mastergradsstudentar. Detaljert informasjon om seminarar finst på <http://www.uib.no/cms/calendar/seminars.htm>. CMS vil bruke midlar til å støtte konferansar og utanlandsopphald for stipendiatar. Leiar for forskarskulen er professor Else Mundal.

b. Program for studier av antikkens kristendom (PROAK)

PROAK starta opp sin forskarskule vårsemesteret 2004. Totalt er 7 doktorgradskandidatar knytte til prosjektet og 2-3 kandidatar innan klassiske fag og religionsvitenskap deltek også i somme aktivitetar. Se: <http://www.hf.uib.no/i/ikrr/proak/>. Leiar for forskarskulen er professor Einar Thomassen.

c. Forskarskulen for språkvitenskap og filologi

Forskarskulen starta opp lokalt i oktober 2004 organisert med leiar, koordinator og styringsgruppe. Forskarskulen vert utvida til ein nasjonal forskarskule frå januar 2006. Meir informasjon finst på nettsida: <http://www.hf.uib.no/forskerskole/>. Forskarskulen er oppretta for doktorgradskandidatane innafor språkvitenskap og filologi ved Universitetet i Bergen, men det er også ynskjeleg med kandidatar frå andre lærestadar. Leiar for forskarskulen er professor Kjersti Fløttum (vikar Sandra Halversen og koordinator er postdoktor Jóhanna Barðdal).

d. Forskarskulen ”Tekst Bilde, Lyd, Rom: Fortolkning og teoriutvikling”

Forskarskulen er eit nettverkssamarbeid mellom dei humanistiske fakulteta ved UiB, UiT, HiA og NTNU der doktorgradskandidatar frå alle lærarstadane er med. Forskarskulen arrangerer mellom anna seminar, fagkurs og stipendiattreff. For meir informasjon: <http://www.hf.ntnu.no/forskerskole/>. Koordinator ved UiB er professor Lars Sætre.

e. Nordic Research School in Interdisciplinary Gender Studies

<http://www.norsgender.org/>

f. Arkeologi:

Det er etablert ein nordisk forskarskule for PhD-studentar i arkeologi med støtte frå NorFa i perioden 2004-2008. Forskarskulen er satt i gang frå februar 2004 og alle dei arkeologiske institutta i Norden deltar i tillegg til Estonia og St. Petersburg. Professor Ingvild Øye er kontaktperson ved UiB.

g. Allmenn litteraturvitenskap:

Seksjon for litteraturvitenskap er knytt til Georg Brandes Skolen (GBS) i København, og er mellom anna medlem i forskarskulens representantskap. Fleire universitet i Europa og USA er tilknytt forskarskulen. <http://www.hum.ku.dk/georgbrandes/>

h. Forskarskule i Midtaustenstudiar

Senter for Midtøsten og Islamske Studier har vedtatt eit opplegg for ein forskarskule for PhD-stipendiatar innafor Midtøsten og Islam. Skulen kan komme i gang i løpet av våren 2006. Ein slik skule vil bygge på etablerte fagmiljø og ressursar ved UiB, og vil inngå i eit Nordisk forskarskulenettverk i samarbeid med andre universitet i Norden.

3 Pliktarbeidet og stimulerings tiltak

Personalavdelinga ved Universitetet i Bergen har no gitt melding til HF- fakultetet om at vi ikkje kan lyse ut stipendiatstillingar utan på føre hand å fastsetje lengda på tilsetjinga. Fakultetet kan heller ikkje tilsetje mellombels i lektorstilling for dei som fullfører på normert tid utan heimel for den midlertidige tilsetjinga, eller gi økt lønn i stipendperioden utover det som er ein del av den generell lønspolitikken ved UiB.

Universitetsstipendiatstillingar vil difor frå mars 2006 lysast ut med tilsetjingsperiode på 3 eller 4 år, avhengig av undervisningsbehov innan fagområdet. Utdanningsdelen av stillinga utgjer 3 år medan pliktarbeidet utgjer 1 år når tilsetjingstida er 4 år. Det er mogleg å organisere pliktarbeidet i konsentrerte bolkar. Avtale om eventuelt pliktarbeid må gjerast ved tilsetjing.

Stipendiatar med 3-årig tilsetjing som er tilsett i perioden hausten 2003 – 2005 og som fullfører i løpet av stipendiatperioden, eller inntil 3 månadar etter normert tid, får tilbod om minst 6, maks 12 månaders tilsetjing (vikariat, prosjekt, midlertidige arbeidsoppgåver).

Tiltak:

- som del av lønspolitikken ved UiB får stipendiatar som fullfører i løpet av perioden opprykk med 3 lønstrinn med verknad frå 6 månader før innlevering av avhandlinga
- Institutta får i tillegg til rettleiingspengane (20 000/30 000 per kandidat) ein sum per disputas på kr. 30 000 for dr. art/phd. Finansieringa skjer ved omdisponering av midlar.

4 Oppfølging

Kvart år skal fakultetet utarbeide ein kort rapport om ferdige kandidatar som inneheld informasjon om gjennomføringstid, alder og tid til bedømming. Rapportane blir oversende institutta til orientering og evt. fråsegn.